

Til redaksjonen



Presseinvitasjon

06.01.2025

Vestlandsmøtet 2025 – Askeland og Davies samlar stortingsrepresentantane frå Vestland

– Den viktigaste draumen og planen min for 2025 er at heile Vestland jobbar for å få folk utanfor arbeidslivet inn i fellesskapen. Vi skal møte behova i arbeidslivet for å få fleire hender og hjernar i arbeid, seier fylkesordførar Jon Askeland. Saman med fylkesvaraordførar Stian Jean Opedal Davies stiller fylkesordføraren med stortingsrepresentantar og sentrale aktørar i Vestland for å diskutere høgaktuelle tema for fylket.

Dag og tid: fredag 10. januar 2025 kl. 09.00–14.15

Stad: Peer Gynt-salen, Grieghallen

Vestlandsmøtet 2025 kan presentere eit rikhaldig program der årets hovudtalar er kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery. Ho vil snakke om kultur som brubyggjar for betre sosial inkludering. Blant andre inviterte finn vi Tommy Urhaug, olympisk meister i bordtennis og Bjarte Hysing-Olsen, fylkesdirektør NAV Vestland, for å nemne nokre.

Det kan bli friske samtalar, blant anna mellom kultur- og likestillingsministeren og Erna Solberg, Høgre sin statsministerkandidat ved stortingsvalet 2025.

– Arbeidslivet i Vestland manglar folk, samstundes som 1 av 5 står utanfor. Det å ikkje fullføre vidaregåande utdanning er den viktigaste årsaka til at folk i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidslivet, og denne arbeidskrafta er viktig for utviklinga av Vestland. Korleis kan vi snu dette? Det skal vi i fellesskap søke svar på, og Jaffery og Solberg skal samtale om nettopp dette, seier Askeland.

Vestlandsmøtet 2025 presenterer i år fire vestlandsdialogar med særskilte aktuelle og spennande tema:

Arbeidslivet i Vestland manglar folk, samstundes som 1 av 5 står utanfor. Korleis løyser vi dette?

Lubna Jaffery, kultur- og likestillingsminister og 1. kandidat Hordaland Arbeiderparti

Erna Solberg, partileiar og 1. kandidat Hordaland Høyre

I dialog med **Jan Erik Kjerpeseth**, konsernsjef i Sparebanken Vest

Distriktpolitikk – Er det håp for distrikta eller hamnar alt i Bergen uansett?

Alfred Bjørlo, stortingsrepresentant og 1. kandidat Venstre i Sogn og Fjordane

Aleksander Øren Heen, stortingsrepresentant og 2. kandidat Senterpartiet i Sogn og Fjordane

I dialog med **Erlend Blaalid Oldeide**, journalist i Gudbrandsdølen Dagningen og tidl. NRK Vestland

Korleis balansere verdiskaping, miljø og velferd i ei usikker tid? – «på vestlandsk»

Helge André Njåstad, stortingsrepresentant og 1. kandidat Hordaland Framstegsparti

Marthe Hammer, gruppeleiar fylkestinget og 1. kandidat Hordaland Sosialistisk Venstreparti

I dialog med **Erlend Blaalid Oldeide**, journalist i Gudbrandsdølen Dagningen og tidl. NRK Vestland

Bestilling frå regionane - kva treng vi?

Christine Meyer, byrådsleiar i Bergen og leiar av Bergensalliansen

Andre Mundal Haukås, ordførar i Sveio og leiar av Sunnhordlandsrådet

Roy Egil Stadheim, ordførar i Vik og leiar av Sognarådet

I tillegg har vi invitert følgjande personar til å gje oss nærare innsyn i det området dei representerer:

- Bjarte Hysing-Olsen, fylkesdirektør NAV Vestland
- Kontreadmiral Oliver Berdal, sjef Sjøforsvaret
- Helene Frihammer, regiondirektør NHO Vestland
- Jørn Øyrehagen Sunde, professor i rettshistorie ved Institutt for offentlig rett i Oslo
- Tommy Urhaug, olympisk meister i bordtennis
- Helene Seim, CEO Boliden Odda AS
- Evangeline Sessford, gründer av Upscale og vinnar av fylkeskommunens klimapris i 2023

Les [detaljert program](#) med tidspunkt.

Blant deltakarane finn vi både stortingspolitikarar, fylkespolitikarar, ordførarar, kommunedirektørar, leiarar innan nærings-, kultur- og organisasjonsliv, i tillegg til tilsette frå offentlig sektor i Vestland.

Meld frå innan **onsdag 8. januar kl.14.00** kven som kjem frå din redaksjon. Send påmelding på e-post til kommunikasjon@vlfk.no

Vestlandsmøtet vert også strøyma. [Lenke til direkteending](#)

Ved behov for foto frå arrangementet, kontakt kommunikasjon@vlfk.no

Fylkesordfører Jon Askeland vil vere tilgjengeleg for pressa etter programslutt.

Kontaktpersonar

Fylkesordfører Jon Askeland, mobil 47 45 97 20

Fylkesvaraordfører Stian Jean Opedal Davies, mobil 93 62 06 74